

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 26.10.2021**

### **Handsaming i møte**

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik i Deloitte AS påpeika at prosjektrekneskapar ofte kjem seint inn. Tidsrett til revisjon er viktig.

Kontrollutvalet ønskjer å sjå på gjeldande retningslinjer, bl.a. med målsetting om at prosjektrekneskapane vert ferdigstilt kortare tid etter ferdigstilling av eit prosjekt.

Etter samsdrøfting framkom nytt vedtakspunkt (nr. 5)

Forslag til vedtak, samt tilleggspunktet (nr. 5), vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke nesten 3 år sidan skulane vart tekne i bruk og fram til prosjektrekneskapane ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet har også merka seg at avviksforklaringa for prosjektet Odda vgs. ikkje var lett tilgjengeleg i notat om rekneskapsavslutninga.
4. Kontrollutvalet oppmodar fylkesdirektøren vurdere om rutinane i høve punkt 2 og 3 er gode og dekkande nok.
5. Kontrollutvalet inviterer fylkesdirektøren til å informera om praktisering av gjeldande retningslinjer, herunder om tidsrett ferdigstilling av prosjekta.